



## REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSUTVALET

Møtedato:	08.11.23	Stad:	Personalrommet på ØUS
		Rong	

Til stades			Til stades		
Namn		Rolle	Namn		Rolle
Geir Knarvik Fjeldstad	x	politisk representant	Elias M Hellesøy	im	elevrepresentant
Aina Haugetun	mf	Andre tilsette	Tuva H Loftås	x	Elevårdformann
Ann Kristin Risløw	mf	lærer	Guro Gunnarsen	x	FAU-leiar
Trine Omland	x	rektor	Vibeke/ Robin Dale Oen	mf	FAU representant

NR	SAK	Aksjon
1	Godkjenning av innkalling	
	x	
2	Konstituering av SU	
	Leiar: Trine Omland Nestleiar: Guro Gunnarsen	
3	Møteplan for skuleåret	
	Tysdag 30.01.24 kl 19 Torsdag 21.03.24 kl 19 Tysdag 21.05.24 kl 19	



4	Nytt frå rektor	
	<ul style="list-style-type: none"><li>• <a href="#">Plan for framtidias skule</a> – viser kommunal plan for skular i øygarden, og vi ser spesielt på forventningar og tilrådde tiltak for skule</li><li>• <a href="#">Årsmelding for skulen</a> – viser fremmøtte ØUS si årsmelding med tal og historia bak tala.<ul style="list-style-type: none"><li>- Hovudmål:</li><li>- Auka fokus på å utarbeide praktisk, variert og motiverande undervisning som gjer alle mogleikheit for mestring på sitt faglege nivå.</li><li>- Auke <a href="#">elevmedverknad</a> i all skuleaktivitet: Inkludering i friminutt og klassefelleskap, skape rom for samhandling elev-elev +elev-lærer, planlegging-, gjennomføring- og i vurdering av undervisning.</li><li>- Førebyggje uønskt skulefråvær</li><li>- Forvalte og finne ressursar til å vidareutvikle god tilpassa undervisning for alle.</li></ul></li><li>• Miljøarbeid på skulen – miljøterapeut tilsett. Aktivitetar i alle friminutt i regi av miljøterapeut (brettspel og treffrom) og av elevar (fredagskahoot og Just Dance eit par ganger i veka)</li><li>• <a href="#">BTI-modell</a> – betre tverrfagleg samhandling rundt elevar og med elevens stemme i sentrum.</li><li>• Fast vikar tilsett i 80% stilling – prøveordning dette skuleåret</li></ul> <p>Arrangement:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Skuletur 10.trinn: Kommunal konkurranseutsetting – skal etter planen gjennomførast i veke 3, 5 eller 6. Tematikk: Demokrati og medborgarskap. Vi veit enno ikkje meir om kor og kva.</li><li>• Julekonsert 14.des – gratis inngong til ØUS elevar. Elevar frå skulen som har hatt eit ønske om det er med i kor og rigging.</li></ul>	



	<ul style="list-style-type: none"><li>• Helseveke 4 – det vert gratis sunn skulemat tre dagar, ein vinteraktivitetsdag delvis sponsa av FAU, og elles ulike foredragshaldarar. Det vert ein kveldsførestilling for elevar og føresette. FAU og SU ønskjer gjerne at føresette i klasser skal treffast i forkant eller etterkant av førestilling for å verte betre kjent.</li><li>• Veke 8 – Musikalveke der 10.trinn inviterar til musikal.</li><li>• Veke 11- Energimessa på Sartor senter</li></ul>	
5	Sakar frå elevane	
	Høgt ønske om at ein kan invitere med ungdom som ikkje går på skulen her på juleball. Dette vart avvist med at ein ønskjer å trygge rammene for alle elevar på skulen og sikre at vi kan kontakte føresette til alle elevar på party ved behov.	
6	Saker frå FAU	
	<ul style="list-style-type: none"><li>a) 20.desember: FAU ønskjer at elevar skal få avspasere heil dag for MOT festival 15.september.</li><li>b) Møte med FAU ØUS, Toftøy, Rong og Tjeldstø og senterleiinga på Rong måndag 13.nov om utfordringar i området i skuletid og på fritid.</li><li>c) Partykomite oppe og går, både elevkomite og FAU-komite. Veldig gode tilbakemeldingar frå elevar om Halloweenfest. FAU hadde vakthald på skule og senteret under fest. Politiet var varsla.</li><li>d) «Betre oppvekst i Øygarden kommune». FAU-leiar vil ha møte med denne gruppa 9.nov for å få råd og oppdatering rundt ungdomsmiljø på Rong og i kommunen.</li></ul>	a)SU tilrår at elevar avspaserar heile skuledagen 20.desember. Rektor sender ut Transpondermelding til føresette om endring.
7	Eventuelt	
8	Det psykososiale miljøet på skulen (elevar er ikkje tilstade på denne delen av møtet)	
	Ikkje referatført	



Øygarden Ungdomsskule  
Øygarden Kommune